

Isdal Skog- og Veglag Sa  
c/o Hans Kristian Dolmen Isdal 85  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4758 - 22/62060

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
18.08.2022

## Rapport frå synfaring 17.08.22 - gbnr 185/1 Isdal

Saksnummer: 21/4758

### KONKLUSJON ETTER SYNFARING

Det vart avdekkja forhold i strid med løyver eller i strid med føresegner i gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter.

### FAKTISKE FORHOLD OM SAKA

#### Kort om tiltaket og bakgrunn for synfaringa

Saka gjeld arbeid med etablering av skogsveg på gbnr 185/1.

Kommunen gjennomførte synfaring den 17.08.22. Fokusområde under synfaringa var mottekne bekymringsmeldingar vedrørande avrenning og etablering av skogsveg. Tilstades under synfaringa var representantar frå Miljø & tilsyn og Landbruksavdelinga i kommunen og representant for Isdal Skog- og Veglag.

#### Skogsveg

Det er godkjent etablering av skogsveg i området. Ved etablering av skogsvegar må det ofte gjerast stedvise tilpasningar i val av trasè og det kan også etablerast mellombelte stikkvegar utan at det krevs endringssøknad. Tiltaket vil difor kunne avvike frå opprinneleg vist trasè i søknad. Det er imidlertid eit krav for planlagt skogsvei at det skal liggje føre kartvedlegg som viser dekningsområdet som vegen har nytte for.

På synfaringa den 17.08.22 vart det avdekkja at skogsvegen no har fått fleire sidearamar og større lengde innover i området som avviker frå den opprinneleg godkjente søknaden og det som var tilfelle på synfaring den 03.02.22. Dersom den opprinnelege søknaden og godkjenninga hadde vist dekningsområdet for tiltaket ville ikkje dette vore noko problem. Når det i dette tilfellet ikkje ligg føre eit kartvedlegg som viser dette, meiner Miljø & tilsynsavdelinga at den utvidinga som no er gjort, skulle vore omsøkt og godkjent før den vart etablert. Når dette ikkje er gjort, har tilhøvet blitt eit ulovleg terrengeinngrep etter plan- og bygningslova.

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det vart avklart på staden at tiltakshavar må sende inn ein endringssøknad som landbruksavdelinga må handsame etter sitt regelverk. Dersom søknaden vert godkjent vil status som ulovleg terrenginngrep falle vekk.

Det vart opplyst at arbeid med skogsvegen var i sluttfasen og at gjenståande arbeid var slutføring av snuhammar for det nye hogstfeltet. Skogen skal ikkje takast ut på noværande tidspunkt.

### **Avrenning**

Miljø & tilsynsavdelinga forstår problemstillinga slik at det fortsatt er usemjø om kva som ligg i ordlyden om avrenning i løyve datert 28.03.19. Denne problemstillinga vart vurdert i brev datert 04.02.22.


Landbruksavdelinga må vurdere om tilhøva og vurderingane har endra seg som følgje av den utvidinga som har skjedd når ny søknad skal handsamast.

### **Tilkjørte massar**


Det vart opplyst at både stein og jordmassar er reine massar som kjem frå same stad som tidlegare. Synfaringa gav ikkje grunnlag for å stille spørsmålsteikn ved dette.

### **Bilde tatt under tilsynet**





## Kartvedlegg til godkjent søknad



## Oversiktskart motteke 18.11.22 (ikkje handsama)



## KOMMUNENS VURDERING ETTER SYNFARINGA

### Vurdering av funna

Den etablerte skogsvegen har gått utover dei rammene som vi meiner ligg i det opprinnelige vedtaket. Dette kan vidare føre til at omsyn til avrenning som vart vurdert på vedtakstidspunktet ikkje er tilstrekkeleg dekkande for det tiltaket som er på staden i dag.

## Vidare saksgang

Det må sendast inn endringssøknad som landsbruksavdelinga må ta stilling til. Miljø og tilsyn avventer vidare oppfølging inntil vidare i påvente av søknad og handsaming av denne.

Etter ei konkret vurdering ser vi det ikkje naudsynt å gje pålegg om stans.

## Førehandsvarsle om gebyr for brot

Vi gjev med dette varsel om at Alver vil kunne fatte vedtak om ileygging av gebyr for brot på plan- og bygningsloven. Det følgjer av føresegna at kommunen kan påleggje gebyr for denne type brot.

Gebyr for brot kan verte pålagt om brotet er gjort med forsett eller utan aktsemd. Med dette meiner ein at den ansvarlege må ha visst eller burde ha visst at handlinga var ulovleg.

Alver er av den oppfatning at brotet i dette høvet er uaktsamt fordi tiltaket er av eit slikt omfang at utførande burde forstått at slikt arbeid er søknadspliktig.

De har rett til å uttale dykk før det vert fatta vedtak om ileygging av gebyr for brot. **Frist for uttale er sett til 01.10.22.** Vidare har du rett til å avstå frå å uttale deg i saka før det vert fatta vedtak om ileygging av gebyr for brot.

Det vert orientert om at endelig vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven er grunnlag for utlegg.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleia

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Vidar Ingebregtsen

|sdq| 57

5916

ISDALSTØ

Mottakgrar:

Isdal Skog- og Veglag Sa

c/o Hans Kristian Dolmen

5916

ISDALSTØ

Landbruk

Izaai 85  
Postboks 4

5906

FREKHAUG